



**KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE  
MØTEUTSKRIFT**

Møte: 13. mars 2019 kl. 09.00 – 11.45  
Stad: Lindås rådhus - formannskapssalen

Tilstade: Leif Erik Gullanger (leiar), Rolf Henning Hegland (nestleiar), Kåre Mestad (vara for Kåre Helge Østrem), Anne Kristin Tonning (medlem) og Sissel Bjørke (vara for Rebecca Duesund Fjeldsbø)

Forfall: Rebecca Duesund Fjeldsbø og Kåre Helge Østrem

Innkalla: Rådmann Ørjan Raknes Forthun til sak 15-16/19

Frå revisjonen:

Sekretær: Øivind Olsnes

---

**11/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste er godkjent

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og sakliste er godkjent

**12/19 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte**

**Saksvedlegg:**

Møteutskrift frå møte den 23.01.2019

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Møteutskrift frå møte den 23.01.2019 er godkjent

**Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift frå møte den 23.01.2019 er godkjent



### 13/19 Skriv og meldingar:

#### Saksvedlegg:

- a) Nordhordland kemnerkontor - Årsrapport for 2018
- b) Skatteetaten, 12.02.2019 – Kontrollrapport 2018 vedkomande skatteoppkrevjaren for Lindås, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy kommunar
- c) Oppsummering vedtak kontrollutvala – innkjøp av revisjonstenester
- d) Lindås kommunestyre, vedtak sak 004/19 - årsmelding frå KU

#### Behandling i møte:

#### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

#### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

### 14/19 Orientering frå rådmannen om utfordringar vedkomande framtidig økonomi for Lindås / Alver kommune

#### Saksvedlegg:

#### Saksopplysningar:

Kontrollutvalet ønskjer å få ei orientering om utfordringar vedkomande framtidig økonomi (drift og investeringar) for Lindås/Alver kommune.

Rådmannen er innkalla til møtet, og vil gje ei orientering om si vurdering av ulike utfordringar vedkomande den framtidige økonomien.

#### Behandling i møte:

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte om saka der mellom anna følgjande vart informert om:

- Dokument vedkomande konsolidering av økonomiplanane for Radøy, Meland og Lindås
- Føringar som er lagt til grunn for felles økonomiplanar
- Årsaker til reduksjon av inntekter frå 2019 til 2020
- Forventa folketalsutvikling - innverknad på inntektene
- Netto finansutgifter - vil auke i åra framover
- Bortfall av eigedomsskatt på verk og bruk (130 mill) – utfasing over 7 år – usikker kompensasjon

Rådmannen svarte på spørsmål frå utvalet

#### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek informasjonen til vitande

#### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek informasjonen til vitande



## 15/19 Orientering vedkomande status symjeopplæring

Saksvedlegg:

Saksopplysningar:

Under sak 09/18 fekk kontrollutvalet i møte den 31.01.2018 ei *orientering om Lindås kommune si oppfylgging av krava til symjeopplæring for elevane i grunnskulen*

Kommunalsjef for oppvekst Kristin Moe møtte i saka og orienterte status på området. Følgjande vart mellom anna opplyst:

- Status for symjeopplæringa ved ulike skular - er variasjonar mellom skulane
- Alle barneskulane tilbyr symjeopplæring for elevane - Lindås barneskule er dårlegast stilt
- Er fokus på elevar med størst behov
- Kommunen gjennomfører den obligatoriske kartleggingsprøven etter 4. klasse
- Ønskjer eit meir likeverdig tilbod - mål om å nå kompetansemåla for alle
- Behov for å prioritere tid og ressursar på ein annan måte neste skuleår. Det vil verte gjennomført tiltak for dette.

Det vart svart på spørsmål frå kontrollutvalet og i møte gjort slik

**Samrøystes vedtak:**

*Kontrollutvalet takka for orienteringa og tek den til etterretning.*

*Saka vert å følgje opp for levekårsutvalet.*

I møte den 23.01.2019 vart det sett fram ønskje frå kontrollutvalet om å få ein oppdatert status for symjeopplæringa i Lindås kommune.

Rådmannen er derfor innkalla og vil gje ei orientering om status for saka.

**Behandling i møte:**

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte om saka der mellom anna følgjande vart omtala:

- Det er no gjort ei omprioritering for å få likare «bassengtid» for alle skular
- Det er under arbeid ein rutinebeskrivelse for å sikre at ein oppfyller sentrale retningsliner/nasjonale krav med lik praksis ved alle skular

Rådmannen svarte på spørsmål frå utvalet.

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek informasjonen til vitande

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek informasjonen til vitande



## 16/19 Selskapsrevisjon KIM AS 2018 – rapport om oppfølging

### Saksvedlegg:

- Oppfølging av selskapskontroll Deloitte 2018 - Kontrollutvalet 13. mars 2019
- Styrearbeid – Årsplan 2019
- Styreevaluering
- Styreinstruks og habilitet KIM AS
- Årsplan 2019
- Personalhandbok versjon 19.11.2018

### Saksopplysningar:

Deloitte utarbeida i 2018 ein selskapsrevisjonsrapport om Knarvik Industri og Miljø AS (KIM AS).

Rapporten vart handsam av KU den 6. juni 2018 med slik

#### Samrøystes vedtak:

*Kontrollutvalet ser det som viktig at rapporten sine tilrådingar vert følgt opp av formannskapet ved ordførar. Kontrollutvalet ønskjer å følgje opp selskapskontrollen og status for administrasjon sitt arbeid med tilrådingane på møte i kontrollutvalet i november 2018.*

Rapporten vart etterpå handsama av kommunestyret i Lindås (sak 037/18) med slik

#### Vedtak i kommunestyret:

*Kommunestyret ser det som viktig at rapporten sine tilrådingar vert følgt opp av formannskapet ved ordførar. Kommunestyret ber kontrollutvalet følgje opp att tiltak i rapporten vert sett i verk.*

Dagleg leiar i KIM AS har på bakgrunn av førespurnad frå sekretariatet sendt ein fylldig rapport om kva tiltak som er sett i verk for å rette opp dei tilhøve som Deloitte påpeika, og tilrådde gjennomført tiltak av i selskapskontrollen av KIM AS.

Dagleg leiar i KIM AS kan ikkje delta kontrollutvalsmøte. Saka er derfor lagt fram med grunnlag av den skriftlege tilbakemeldinga.

Morgan Taule overtok som ny dagleg leiar i KIM AS i februar 2018. Saman med styret har han hatt fokus på oppfølging av tilrådingane som vart gjevne av Deloitte.

Av rapporten framgår det at ulike tilrådde tiltak vedkomande styret og dagleg leiar / selskapet sitt ansvar er sett i verk og gjennomført. Dette syner at selskapskontrollen har vore eit godt middel for å utvikle selskapet sitt styringsverktøy og ansvar.

### Behandling i møte:

Styret si vurdering av om KIM AS er omfatta av lov om off. anskaffingar og off. lova vart drøfta.





**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet meiner at KIM AS har følgd opp ulike tilrådingar i selskapskontrollen på ein god måte. Kontrollutvalet er særns nøgd med at det er utarbeida ulike nye rutinar og at det på kort tid er utført eit godt arbeid for å følgje opp tilrådde tiltak i rapporten.

Kontrollutvalet tek tilbakemelding frå KIM AS til etterretning, og sender rapport med vedlegg til kommunestyret til orientering.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet meiner at KIM AS har følgd opp ulike tilrådingar i selskapskontrollen på ein god måte. Kontrollutvalet er særns nøgd med at det er utarbeida ulike nye rutinar og at det på kort tid er utført eit godt arbeid for å følgje opp tilrådde tiltak i rapporten.

Kontrollutvalet tek tilbakemelding frå KIM AS til etterretning, og sender rapport med vedlegg til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet oppmodar KIM AS å vurdere nærmare om selskapet er unnateke offentleglova og lov om offentleg innkjøp.

**17/19 Orientering om høyring vedkomande ny forskrift for kontrollutvalg- og revisjon**

**Saksvedlegg:**

- Kommunal- og moderniseringsdepartement, Høringsbrev dat. 31.01.2019 – ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift
- Høringsnotat om ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift, datert januar 2019
- Ny komunelov - 2018, utdrag del 7. Eigenkontroll

**Saksopplysningar:**

Stortinget vedtok ei ny kommunelov i 2018. Lova skal tre i kraft 01.01.2020, ved første konstituerande kommune- eller fylkestingsmøte etter kommunevalet 2019.

Ulike forskrifter til lova er under revisjon.

Departementet har sendt ny **kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift** på høyring, med høyringsfrist 2. mai 2019. Den nye forskrifta skal tre i kraft ved første konstituerande kommunestyremøte etter kommunevalet 2019. Den skal erstatte dagens to forskrifter; **Kontrollutvalgsforskrifta** (15. juni 2004) og **Revisjonsforskrifta** (15. juni 2004).

Kontrollutvalssekretær vil i møte gje ei orientering om ulike endringar som departementet gjer framlegg om i sitt høyringsnotat.

**Behandling i møte:**

Sekretæren orienterte om saka



**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning

Kontrollutvalet ønskjer å gje ein høyringsuttale og ber sekretæren utarbeide ein kort høyringsuttale som vert å handsame i neste møte i utvalet.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning

**18/19 Oppsummering - Kontrollutvalskonferansen 2019**

**Saksvedlegg:**

**Saksopplysningar:**

Leiar og tre medlemar deltok på Kontrollutvalgskonferansen, 30.-31. januar 2019. Mellom anna vart følgjande saker der omtala

- «Tolgasaken»
- «Boligbygg-saken» i Oslo
- Status omdøme av kontrollutvalets rolle
- Internkontroll og system

I møtet vert det lagt opp til ei oppsummering og drøfting av ulike erfaringar frå konferansen. Er noko relevantt lokalt ?

**Behandling i møte:**

Leiar og nestleiar orienterte om ulike tema frå konferansen  
Saka vart drøfta

**Framlegg til vedtak:**

Saka vert å drøfta utan tilråding om vedtak

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

**19/19 Gjennomgang av rekneskapstal for kontroll og tilsyn****Saksopplysninger :**

For å sikre god internkontroll, vert det etter kontrollutvalet sitt ønskje, lagt fram ein oversikt over utgifter til kontroll og tilsyn på kvart møte.

Det vert her lagt fram eit oversyn for rekneskapsåret 2018, samt pr. 4.3.2019

Budsjettramma for kontrollutvalet vart av kommunestyret for 2018 vedteke til kr 950.000 og vart fordelt av kontrollutvalet i sak 11/18.

	<b>Rekneskap 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Rekneskap 2018</b>	<b>Avvik</b>
Rekneskapsrevisjon	*	230 000	214 000	-16 000
Forvaltningsrevisjon <i>inkl *</i>	736 000	466 000	268 000	-198 000
Sekretariat kontrollutvalet	130 000	135 000	130 000	-5 000
Drift av kontrollutvalet	115 000	121 000	99 000	-22 000
<b>Totalt kontrollutvalet</b>	<b>981 000</b>	<b>952 000</b>	<b>701 000</b>	<b>-251 000</b>

Opplysningar frå økonomikontoret syner slike kostnader og avvik for 2018. Tenesta kontroll og tilsyn for 2018 syner eit mindreforbruk på kr 251.000.

Kommunestyret vedtok i sak 093/18 ei budsjettramme på 802 000 kr til kontrollutvalet». Med bakgrunn i tidlegare års rekneskap og vurdering av ressursbehov for 2019 har kontrollutvalet sett opp følgjande fordeling av midlane.

	<b>Rekneskap 2017</b>	<b>Budsjett 2019</b>	<b>Rekneskap per 4/3 2019</b>	<b>Avvik per 4/3 2019</b>
Rekneskapsrevisjon	*	250 000	-	-250 000
Forvaltningsrevisjon <i>inkl *</i>	472 000	300 000	-	-300 000
Sekretariat kontrollutvalet	130 000	132 000	-	-132 000
Drift av kontrollutvalet	99 000	120 000	49 000	-71 000
<b>Totalt kontrollutvalet</b>	<b>701 000</b>	<b>802 000</b>	<b>49 000</b>	<b>-753 000</b>

Kontrollutvalet har i perioden delteke på opplæring som er kostnadsført. Arbeid som i perioden er utført av revisjonen og sekretariatet er ikkje kostnadsført enno.

Rekneskapsførte kostnader gjev per dato eit for tynt grunnlag til å vurdere status, men ein forventar likevel ikkje uføresette kostnader i rekneskapet for 2019.

**Behandling i møte:****Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek rekneskapstala for 2018 og status for økonomisk oversikt 2019 til etterretning.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek rekneskapstala for 2018 og status for økonomisk oversikt 2019 til etterretning.



## 20/19 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

### Behandling i møte:

Ingen saker/merknader vart teke opp i møte

### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek vedtaka til orientering og har ingen merknader.

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek vedtaka til orientering og har ingen merknader

## 21/19 Eventuelt

### Behandling i møte:

Ingen saker vart orientert om og drøfta i møtet

### Samrøystes vedtak:

Neste møte: er 24. april 2019

Førebels saker til neste møte er:

- Uttale til rekneskap og årsmelding 2018
- Orientering status økonomi 1. kvartal 2019
- Status rekneskap / budsjett kontrollutvalet
- Tilråding revisor for Alver kommune

Knarvik, 13.03.2019

Leif Erik Gullanger, leiar (sign)

Øivind Olsnes, sekretær